

**Fra:** Bjørnar Withbro (Bjornar.Withbro@stord.kommune.no)

**Sendt:** 23.05.2017 18:26:17

**Til:** Ruth Ørnholt

**Kopi:** Sigrid Furnes

**Emne:** Tilskot modellbibliotek

**Vedlegg:**

Viser til tilsagn om kr. 100 000 til utviklinga av modellbibliotek for 2017, som vi er takksame for å ha fått, og som er øyremerkt ny ungdomsseksjon.

Vi har fått svært god hjelp frå Sigrun Furnes med kollega i samband med aktualisering av media, og eit godt utkast frå interiørarkitekt Mette Heimtun til innreiing av ungdomsseksjon. Dette utkastet skal vi legge til grunn i arbeidet, med naudsynte tilpasningar, eventuelt.

Vi skal arbeide vidare med dette no, og har nokre spørsmål knytte til økonomien i prosjektet. Vårt tilskot frå dere er på kr. 100 000 frå fylkeskommunen, som fullt ut vil la gå til ungdomsseksjon.

Prosjektet med ungdomsseksjon er av interiørarkitekten kostnadsrekna til ca. kr. 400 000.

Biblioteket reknar med at vi kan spare noko inn på meirope prosjekt i år, men litt vanskeleg å seie kor mykje. Her arbeider vi på grunnlag av ei statleg løyving til Stord. Eit optimistisk anslag vil truleg vere 70-80 000 kr, slik at vi då totalt har ca. kr. 180 000 til ungdomsseksjonen.

I mitt framlegg til investeringsbudsjett for 2018 har eg innarbeidd ytterlegare kr. 200 000 til vidareføring av modernisering av hovudbiblioteket med ungdomsseksjon, men har sjølsagt ingen garanti for å få desse midlane.

Spørsmålene mine er :

.....  
1) Er det mogleg for oss å søkje ein tilleggssum til modellbibliotek for 2017 eller andre tilskot frå fylkesbiblioteket med bakgrunn i interiørarkitekten sitt overslag?

2) Vil det bli utlyst nye modellbibliotekmidlar i 2018 som vi kan ha høve å søkje på, eller får alle bibliotek ei og berre ei løyving? :

3) Eller vil prosjekt som er sette i gong med tilskot frå fylkesbiblioteket bli prioriterte også ved ny tildeling

.....  
Eg veit at Stord kulturhus har status som regionalt kulturhus, så eg skal forhøre meg i kommunen om det finst særskilte tilskotsordningar her og som vi vil kunne søkje på.

Elles kunne eg tenkje meg å invitere deg til Stord for eit møte med dei tilsette og kommunalsjefen vår (Knut Gram) i høve både meirope bibliotek og ungdomsseksjon, men dette får vi eventuelt avtale nærare dersom det høver for deg.

Vi skal ha eit møte med han *onsdag 28. juni*, men då er du kanskje på ferie?

Mvh Bjørnar Withbro/ biblioteksjef Stord